

MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Radøytunet statlige mottak
Odd Inge Espe

Referanser:
Dykker:
Vår: 16/1899 - 16/25164

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
20.09.2016

TILSYN MED ASYLMOTTAK - RADØYTUNET STATLIGE MOTTAK

Den 8.6.16 mottok Miljøretta helsevern utfylt «Meldingsskjema for asylmottak» for Radøytunet statlige mottak, som er eid av Norsk Folkehjelp.

Verksemda har meldt at dei vil kunne ha 140 bebuarar og 9 tilsette.

Den 12.9.16 utførte Miljøretta helsevern v/kommuneoverlege Grethe Fosse og teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn i verksemda. Odd Inge Espe møtte for Radøytunet statlige mottak.
Grunna nokre uklarheiter på møtet 12.9.16, vart det eit nytt møte den 16.9.16, der også Bjørn Vågenes som er eigar av Radøytunet møtte.

Rapporten omhandlar avvik og merknadar som vart avdekkja.

➤ **Heimel**

Det følgjer av § 9 i *lov om folkehelsearbeid* at kommunen skal føre tilsyn med dei faktorar og forhold i miljøet som til einkvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helsa.

Vidare grunnlag for tilsynet er **Forskrift om miljørettet helsevern** av 25.4.2003.

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsatt i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje omfattas av definisjonen for avvik.

➤ **Tilsyn**

Radøytunet statlige mottak har pr. d.d. 80 bebuarar, der det er 18 barn under 18 år. Det er 7 stillingar. Det er fleire familiar, samt einslege mødre med barn og einslege menn.

Radøytunet består av fleire bygningar, der nokre ikkje er ferdigstilt. Det var stor byggeaktivitet på området. Dei fleste rom har eige bad, nokre har felles bad og toalett på gangen. Alle opphaldsrom har vindauge som kan opnas, og det er mekanisk avtrekk på bad/WC og fellesareal. Det ble opplyst at alle rom vil ha ventilasjonsanlegg (av forskjellige type) i løpet av veke 39. Sprinklaranlegg er montert i dei fleste bygg/rom. Det er lagt til rette for fleire store felleslokalar.

Radøytunet statlige mottak ligg i eit landleg naturområde med flott utsikt. Det er tilgang til sjø, der det er moglegheit for å fiske.

Det er etablert leikeplass med leikeplassutstyr for barna.

Det vart ved tilsynet avdekka 3 avvik og 4 merknadar.

- **Avvik 1: Internkontroll**

§12; Ansvar og internkontroll

Internkontroll er verksemdas dokumentasjon på at bestemming gitt i eller i medhald av forskrift overhaldas.

Enkelt forklart: Verksemda skal vite kva den skal gjere, gjere det og etterpå kunne dokumentere at det er gjort.

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Verksemda har UDI sitt felles internkontrollsysteem.

Internkontrollsysteem for Radøytunet statlige mottak er ikkje ferdig utarbeidd.

Kommentar:

Verksemda må tilpasse internkontrollen til dette mottaket (Radøytunet statlige mottak).

- **Avvik 2: Ulykkesforebygging på leikeplass**

§§ 7 og 10 e); Overordnet krav og Helsemessige forhold i virksomheter og eiendommer

Fylgjande observasjon ligg til grunn for avviket:

- Det var store skarpe steinar i fallsona til ei vippehuske.
- Støytflata/fallunderlaget under huske var ikkje tilfredsstillande (lite sand under huske).

Kommentar:

- Fallsone skal alltid vere fri for gjenstandar/steinar, og det må vere tilstrekkeleg med fallunderlag under alt leikeplassutstyr. "Leikeplassutstyr; NS-EN 1176 og NS-EN 1177".
- Leikeplass og leikeplassutstyr må kontrollerast jamleg for at ikkje ulykker eller skadar skal oppstå. Rutinar for kontroll av leikeplass og leikplassutstyr må opprettas.

- **Avvik 3: Vask av felleskjøkken / Hygiene**

§§ 7 og 10 b); Overordnet krav og Helsemessige forhold i virksomheter og eiendommer

Fylgjande observasjon ligg til grunn for avviket:

- Det var oppretta rutinar for vask av felleskjøkken, men desse vert ikkje fylgt.

Kommentar:

- Det var hengt opp lister for vask av felleskjøkken, men desse vart ikkje nytta eller fylgt. Betre rutinar for vask av felleskjøkken må innførast.
- Moppar må vaskast på høgaste temperatur (kokast).
(Grunna myke støv og lo på moppar tettar dette ofte til filter i ei vaskemaskin. Det anbefalast å ha ei vaskemaskin der lofilter er fjerna, slik at vaskevatn går direkte ut.)

Vi vurderer at dei påpektre avvika ved asylmottaket ikkje er i samsvar med regelverket.

- **Merknad 1: Ope søppelspann på felles uteområde**

§9; Helsemessige ulemper som virksomheten eller eiendom påfører omgivelsene

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Det var ope søppelspann samt ei stor søppelsekk i stativ ute på fellesområdet.

Kommentar:

Ope søppelspann eller søppelsekk kan medføre lukt og skadedyr (rotter) kan trekke til området. Søppel må oppbevarast i lukka behaldarar. Dette må innførast **snarast**. Rutinar for å tømme søppel i NGIR's søppelcontainer må etablerast.

- **Merknad 2: Søppel på felleskjøkken**

§§ 7 og 10 a); Overordnet krav og Helsemessige forhold i virksomheter og eiendommer

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Det er mange ope søppelbøtter på felleskjøkken.

Kommentar:

Søppel bør oppbevarast i lukka behaldar og kjeldesortering bør innførast. (Bileter av div. søppel kan limast på kvart spann). Matavfall må fjernast frå felleskjøkken dagleg. Rutinar for dette må innarbeidast.

- **Merknad 3: Radon**

§ 10 a); Helsemessige forhold i virksomheter og eiendommer

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

Det er ikkje utført radonmåling.

Kommentar:

Radon skal målast i vinterhalvåret, mellom midten av oktober og midten av april. Målingane skal utførast

over eit tidsrom på minst to månadar. Dersom det etter måling syner at nivåa er over tiltaksgrensen, må det kunne dokumenterast at tiltak er gjennomført eller at prosess er i gang for å sette i verk tiltak.

Mottaket er nystarta og har difor ikkje fått utført radonmåling.

- **Merknad 4: Førebygge helseskadar**

§§ 7 og 10 e og f); Overordnet krav og Helsemessige forhold i virksomheter og eiendommer

Fylgjande observasjon ligg til grunn for merknaden:

- Sigarettstumper ligg synleg på felles uteområde
- Byggavfall (bl.a. knust glas) ligg på området og kan utgjere ei fare for barna.

Kommentar:

- Sigarettstumper utgjer ei fare dersom barn et dei. Låsbare oskebeger bør plasserast på fellesområdet.
- Områder der det ligg byggavfall må sikrast, og gjerast utilgjengeleg for barn.

➤ Tilbakemelding på tilsynsrapporten

Dersom det er behov for å komme med tilleggsopplysningar, eller at rapporten skulle vere ukorrekt på enkeltpunkt ber vi om tilbakemelding innan 14 dagar frå mottaksdato.

Frist for tilbakemelding

Det er i rapporten beskrive 3 avvik og 4 merknadar.

Skriftleg tilbakemelding med beskriving av korrigerande tiltak og tidsfesta framdriftsplan for å rette opp i gitte avvik og merknader er satt til **1.11.16**.

Denne rapporten må betraktast som eit varsel om vedtak, jamfør forvaltningslova § 16, førehandsvarsling. Det vil bli gitt pålegg om at avvik skal bringast i orden, jamfør folkehelselova § 14, retting. Føremålet med dette varsel er å gi asylmottaket anledning til å komme med eigne forslag til korrigerande tiltak og forslag til tidsfristar for gjennomføring. Miljøretta helsevern vil deretter vurdere om dei beskrivne tiltaka for å lukke avvika, samt vurdere om fristar for gjennomføring er helsemessig akseptable, før endeleg vedtak fattast.

På tilsynet var det mykje byggeaktivitet, og mykje var ikkje ferdigstilt, vil Miljøretta helsevern foreta eit nytt tilsyn i løpet av våren 2017.

Med helsing

Grethe Fosse
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jarle Landås
Tonje Nepstad Epland